

STATUSRAPPORT



23.03.18

NRK Nynorsk mediesenter

Per 1. mars har vi lært opp 135 nynorskpraktikantar og 58 prosent av dei arbeider i media. 43 prosent er i NRK.

Kull 28 er under opplæring og skal i ekstern praksis på Tyholt og ved tre distriktskontor i mai og juni. For fyrste gong skal ingen til Marienlyst i praksis. Kull 29 er lyst ut med søknadsfrist 15. april.

Nynorskprosenten i NRK har gått ned to prosentpoeng frå 2015 til 2017. I fjor hadde NRK ein samla nynorskprosent på 22, mot 24 i 2015.

Språksjef Ingvild Bryn:

- Vi må tilsette fleire nynorskbrukarar



Ingvild Bryn er fungerande språksjef i NRK og har i mange år vore nyhendeanker i NRK Dagsrevyen. I fleire år har ho vore åleine "nynorsking" blant dei, men no kjem Ingunn Solheim med på laget. Ingunn Solheim var nynorskpraktikant i NRK Sogn og Fjordane som 19-åring og kjem no frå jobben som debattleiar for programmet Debatten i NRK1.

- Den mest effektive måten å få opp nynorskprosenten på, er å tilsette fleire nynorskbrukarar og halde på dei dyktige vi alt har. Det er mange omsyn å ta ved tilsetjingar, men for å unngå refs frå Medietilsynet også neste år, er det viktig at også nynorsk er ein kvalifikasjon sjefane legg vekt på, seier språksjef Ingvild Bryn.

Ho fortel at nynorsk i NRK er tema på alle språkstyremøte i NRK. På møtet no i mars, vart det vedteke at styreleiar og språksjef skal ta nye rundar for å forankre handlingsplanen for nynorsk i NRK. - Vi har ein jobb å gjera for å få planen godt kjend i alle redaksjonar, men det er dei redaksjonelle leiarane som har ansvar for å få gjennomført tiltak.

Bryn syner òg til lyspunkt i tala frå 2017. P1 går fram frå 28 til 29 prosent frå året før, og NRK Super går fram frå 25 til 27 prosent. Nynorsktala er såpass høge fordi all dialekt vert delt mellom nynorsk og bokmål på statistikken.

- Det vi må hindra, er at det også neste år er nedgang i nynorsk på nettet. Vi må snu trenden. Det er viktig at alle sjefar ved tilsetjingar spør om søkjar har nynorsk bakgrunn. Då

skal søkjar oppmodast på det sterkaste om å bruke nynorsk. Nynorsk skal vera ein ekstra kapital for søkjarane, seier Bryn.

Som fungerande språksjef har ho hatt nynorsk kurs for nettet, og hyra NRK Nynorsk mediesenter til å halda nynorsk kurs ved distriktskontor. Og fleire skal det bli.

- Eg har også prøvd å vekkje sovande nynorskbrukarar og har lukkast med nokre få. Vi kan glede oss over små sigrar, som at tittelen på serien *Hjemmebane* i NRK1 vart til *Heimebane* då vi tok det opp. Eg arbeider på fleire felt for å auke nynorskbruken i NRK, og målet er at det skal vise igjen på statistikken for 2018, seier fungerande språksjef Ingvild Bryn.

Eit årsvikariat i Mp3



Arianrhod Engebø, Linda Watten, Synne Ulltang, Ådne Sandvik Dyrnesli og Borghild Andersdotter Vevle gjekk på kull 27.

Kull 27 var ferdige som nynorskpraktikantar til 1. mars. Så langt har éin av dei fått eit årsvikariat i Mp3 på Tyholt, éin vikariat i NRK Superfront og éin tilkalling i NRK Supernytt. Fire av fem på kull 27 hadde ekstern praksis på Marienlyst.

Arianrhod Engebø hadde praksis på P3 desken på Tyholt, og fekk eit årsvikariat i Mp3 frå 1. mars. Ho er tilsett i P3-divisjonen. – Det er sjeldan kost å få eit årsvikariat med det same ein er ferdig, og vi gratulerer Arianrhod så mykje med jobben, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

Linda Watten hadde praksis i Supernytt og har fått tilkallingskontrakt med dei, med base i Sogn. *Synne Ulltang* hadde praksis i Ekko i NRK P2. Ho har søkt sommarjobbar, men har førebels ikkje fått vidare arbeid i NRK. *Ådne Sandvik Dyrnesli* hadde ekstern praksis i redaksjonen for Digital historieforteljing. Han fekk halde fram der nokre veker for å gjere ferdig ei sak han hadde byrja på. Dyrnesli har tenkt å vere frilansfotograf ei tid framover og

har ein frilansavtale med Framtida.no. *Borghild Andersdotter Vevle* hadde praksis på Superfronten, nettstaden til NRK Super. Ho fekk eit kortare vikariat der, med base i Bergen.

Kull 28: – Utfordrande og lærerikt



Kull 28: Turid Astrid Reksten, Fredrik Johan Helland, Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal, Anders Martin Helle og Sigrid Sivertsen Haugan

Medrekna kull 28 har vi teke inn 140 nynorskpraktikantar. Desse fem byrja på opplæringa ved nyttår og arbeider no i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, som journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Frå 2. mai skal dei i ekstern praksis ut juni. Og nokre sommarjobbar er alt på plass.

Anders Martin Helle skal til NRK Buskerud i ekstern praksis og har fått sommarjobb i Drammen etterpå. *Turid Astrid Reksten* skal ha praksis i NRK Sogn og Fjordane. Ho har permisjon frå jobben sin som prest i forsvaret, og skal attende til den frå 1. juli. *Sigrid Sivertsen Haugan* skal til P3 desken på Tyholt i ekstern praksis og har fått sommarjobb i Her og Nå i NRK P1. *Bente Kjøllesdal* skal ha ekstern praksis i NRK Hordaland. *Fredrik Johan Helland* skal ha praksis og sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane.

Dette er tilbakemeldinga deira om å vere nynorskpraktikantar på kull 28:

Sigrid Sivertsen Haugan: - "Om to veker har de sikkert hatt fyrste saka dykkar på lufta", sa dei då vi starta. Og eg trudde dei tulla. Det gjorde dei ikkje, og når ein vert sendt for å lage radio etter ei knapp veke med opplæring, kjennest det litt som å bli kasta ut på djupaste havet med ein flytevest som ikkje sit så godt. Men det går bra!

Det gjer det fordi vi har så god støtte i dei superflinke faglærarane, redaksjonen og kvarandre som praktikantar. Litt uti tredje månad som nynorskpraktikant har eg lært mykje meir enn eg hadde førestilt meg, og eg gler meg til å gå på jobb kvar dag. Det går fort og det kan vere skummelt, men mest av alt er det morosamt, spennande og givande!

Fredrik Johan Helland: - Det er veldig utfordrande og lærerikt å vere nynorskpraktikant. Vi lærer mykje på kort tid og får raskt levere stoff til redaksjonen. I internpraksis på desken til NRK Sogn og Fjordane får vi jobbe med mykje spennande. Til dømes jobba eg i går med både lokale reaksjonar på Listhaug-saka, samt var på øya Kinn for opptak til TV og radio. Det er eit veldig godt miljø i Nynorsk mediesenter og NRK Sogn og Fjordane. Det gjer at vi lærer mykje av dei erfarne journalistane og fotografane.

Turid Astrid Reksten: - Tida som nynorskpraktikant er lærerik og inspirerande. Det er artig å lære nye verktøy for formidling, under god rettleiing. Som nynorskpraktikant er det rett på sak! Det likar eg. Jobbing med ordentlege saker krydra med teori og faglege samtalar, er ein kvardag eg trivst godt med. Gruppa vår fungerer supert, det er god stemning og vi feirar kvarandre når vi får saker på lufta eller gjer andre journalistoppgåver for første gong.

Anders Martin Helle: - Tida på Nynorsk mediesenter har so langt vore hektisk, lærerik, skummel og veldig kjekk. Me blir kasta ut i produksjon i den første veka og må raskt levere stoff til plattformer me ikkje har produsert noko på tidlegare. Du lærer raskt det du treng gjennom undervisning og turar ut i felten. I løpet av få veker gjer du debuten på radio, nett og tv. Du kjem opp i mange lærerike og utfordrande situasjonar medan du er her. I morgon skal eg til dømes grava meg ned i snøen for eit radioinnslag. Eg ser fram til resten av praktikanttida i NRK.

Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal: - Livet som nynorskpraktikant er hektisk, tidvis overveldande, og så utruleg kjekt. Du får prøve deg frå dag éin i dei beste omgjevnader. Eg hadde ingen bakgrunn i journalistikk då eg banka på døra i Førde, men læringskurva er bratt. Faglærarane Randi og Rune er din beste heiagjeng og redaksjonen tek imot deg som ein kollega som kan bidra med ein gong. Så nokre stalltips: situasjonar er alfa og omega i den radioreportasjen du etter ei knapp veke vert sendt ut for å lage på eiga hand; ta mange nærbilete når du filmar for det gjer klipping til Vestlandsrevyen så mykje enklare; skriv ned idear til saker uansett kor liten du trur den er; og ver blid mot alle førdianarane bak ein disk i

sentrum, for dei har hatt mang ei hovudrolle i øvingsproduksjonar hjå praktikantar frå tidlegare kull!

15. april er søknadsfristen for kull 29



NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter beitar på same søkjargrunnlaget og har sams søknadsfrist. Denne gongen prøver vi oss med sams plakat og brosjyrer, særleg tenkt for oppslagstavlene på høgskular og universitet rundt om i landet. - For nokre år sidan fekk vi inntrykk av at det var "gamaldags" å vende seg til aktuelle søkjarar via oppslagstavler. Det var lysing på nett som talde. No er tilbakemeldingane frå ungdommen at alt druknar på nettet, dei legg meir merke til det som heng på oppslagstavlene.

Vi ynskjer søkjarar som brukar nynorsk og vil bli journalistar, frå heile landet. Halvåret som nynorskpraktikant er lønna, og dei fem som kjem inn får ei praktisk opplæring i journalistikk og nynorsk for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Lærarane er aktive journalistar og fotografar, og nynorskpraktikantane får praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane, og andre NRK-redaksjonar alt etter kvar dei kjem i ekstern praksis.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar

Andre påskedag, 2. april, er fristen for å kome med framlegg til kven som skal få Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2018. Linda Eide var den fyrste som fekk prisen i 2006 og i fjor vart han delt mellom journalistane Jens Kihl og Guri Kulås i Klassekampen.

I juryen er Solveig Barstad, TV 2, leiar. Ho har med seg nettredaktør Inger Johanne Sæterbakk i Norges Bondelag og professor Øystein A. Vangsnes, ved Universitetet i Tromsø og Høgskulen på Vestlandet. NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen, ei oppgåve vi fekk i gåve frå Kulturdepartementet då senteret opna i 2004. Framlegg kan du sende til



nynorskmediesenter@nrk.no

Juryen skal ha møte 2. mai, og kven som får prisen vert kunngjort rett etterpå. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk, og vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 8. juni.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. mars 2018 har vi sendt frå oss 135 nynorskpraktikantar og 58 prosent av dei arbeider i media, 43 prosent av dei er i NRK. Totalt har 58 tidlegare nynorskpraktikantar fast arbeid i media, 46 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, NRK Super, P3-nyhenda, Ekko i P2, og i Her og Nå, Norgesglasset, Kveldsåpent og Natradioen i P1.

Vidare ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som er nyhendeanker i TV 2, nyhende-redaktør i Nationen, redaktør i Porten.no og gjestebookar i Senkveld i TV 2. Og journalistar i Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende og frontredigerar i Dagens Næringsliv. Andre arbeider som informasjonsfolk, rådgjevarar og tekstforfattarar i til dømes: Valdirektoratet, Språkrådet, Kirkens Nødhjelp, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Norske Kunstforeningar og PR-operatørene.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



Arianrhod **Engebø** (1993) har årsvikariat i Mp3 på Tyholt, Synne **Ulltang** (1989) søker jobbar, Borghild Andersdotter **Vevle** (1993) er vikar for SuperFronten i NRK Super, med base i Bergen. Linda **Watten** (1994) er tilkallingsvikar i Supernytt, med base i Sogn. Ådne Sandvik **Dyrnesli** (1993) er frilansfotograf og har kontakt med nettsida Framtida.no.

Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017



Aleksander **Båtnes** (1992) er vikar i Her og Nå, NRK P1. Wibeke **Bruland** (1984) er vikar i NRK Finnmark. Snorre **Sandemose** (1983) er journalist i nettavisa Porten.no i Årdal, men har sagt opp og vil halde fram som reiseleiar. Sigrid Sørungård **Botheim** (1985) er vikar i NRK Telemark. Espen **Breivik** (1992) er vikar i Økopol i NRK Nyhende.

Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017



Marte Iren Noreng **Trøen** (1990) er vikar/vaktsjef i P3nyhenda på Tyholt. Anders Tesdal **Galtung** (1993) studerer rettsvitenskap ved Universitetet i Stavanger og Krista Lien **Indrehus** (1989) går på Skrivekunstakademiet i Hordaland. Josef Benoni Ness **Tveit** (1997) studerer samfunnsvitenskap ved Høgskulen på Vestlandet, i Sogndal. Han er frilansar for nettstaden Porten.no. Kathrine **Nygård** (1993) er prosjektmedarbeidar i Fantorangen i NRK Super.

24: 4. januar – 30. juni 2016



Martin **Torstveit** (1992) er fast tilsett i NRK Telemark, Martha **Våge** (1989) er fast tilsett som journalist i Her og Nå, i Oslo. May-Helen **Rolfsnes** (1993) studerer nordisk ved Universitetet i Bergen. Solveig **Svarstad** (1989) og Aleksander **Åsnes** (1990) er fast tilsette journalistar i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er fast tilsett i magasinredaksjonen i NRK P1, på Tyholt. Thomas **Brakstad** (1989) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane, Line Omland **Eilevstjønn** (1993) studerer sosialantropologi ved Universitetet i Oslo. Elise Sundfør **Erdal** (1986) er lærar i vaksenopplæringa i Oslo og Even **Lusæter** (1979) er fast tilsett i NRK Hedmark og Oppland.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

Samarbeider om kurs og førelesingar

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.